

KOMMUNEDELPLAN for buffersona til Urnes verdsarvområde

2022-2033



**1. gong offentlig ettersyn
10.02. – 28.03.2023**

Plan-ID 2023001

Innhold

DEL I Planomtale.....	5
Innleiing	5
1.1 Bakgrunn	5
1.2 Plandokument	5
2. Lovgrunnlag	6
3. Rettsverknad av kommuneplanen sin arealdel (PLBL §11-6)	7
3.1 Planavgrensing.....	8
4. Status andre plandokument i buffersona	9
4.1 Føringar i gjeldande planar	9
4.2 Strategiar, fokusområde og målsetjingar for ny plan	10
5. Konsekvensutgreiing og vurderingar	10
5.1 Utfordringar med å sikra verdiar i buffersona	12
5.2 Busetjingsmønster og folketalutvikling. Utviklingstrekk	12
5.3 Næringsliv og bustadbygging i planområdet.....	14
5.4 Landskapet.....	15
5.4.1 Endringar i kulturlandskapet	16
5.5 Større utbyggingar i planområdet	17
6. Arealføremål - jf PLBL§ 11-7.....	17
6.1 Bygningar og anlegg (§ 11-7 nr 1)	17
6.1.1 Bustader.....	17
6.1.2 Offentleg eller privat tenesteyting.....	18
6.1.3 Fritids- og turistføremål	19
6.1.4 Næringsareal.....	19
6.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§11-7 nr 2)	19
6.2.1 Parkering Solvorn.....	20
6.2.2 Parkering Ornes	20
6.3 Grønstruktur (PLBL §11-7 nr 3)	20
6.3.1 Friområde	20
6.3.2 Strandsona langs fjorden	21
6.3.3 Landbruk- natur- og friluftsområde. LNF-R (§11-7 nr 5).....	21
6.4 Bruk og vern av sjø og vassdrag og tilhøyrande strandsona (§11-7 nr 6)	22
6.4.1 Farleier	22
6.4.2 Småbåthamner	22
6.4.3 Område for fiske.....	22

6.4.4	Friluftsområde i sjø	22
6.4.5	Omsynssoner (PLBL§11-8)	22
DEL II JURIDISK BINDANDE DEL		24
7.	Føresegner	24
7.1	Generelle føresegner. PLBL § 11-9.....	24
7.1.1	Krav om reguleringsplan.....	24
7.1.2	Rekkefølgekrav.	25
7.1.3	Byggegrense langs vassdrag.....	25
7.1.4	Byggegrense for nye område i strandsona	25
7.1.5	Skilt- og reklameinnretningar.....	25
7.1.6	Mellombels og flyttbare konstruksjonar og anlegg.....	25
7.1.7	Universell utforming	25
7.1.8	Gjeldande reguleringsplanar	25
7.1.9	Byggegrenser langs høgspenliner.....	26
7.1.10	Avkøyrslar og byggegrenser langs riks- og fylkesvegar	26
7.2	Bygningar og anlegg jf. PLBL § 11-7 nr. 1 og nr 5	26
7.2.1	Bygningar og anlegg	26
7.2.2	Bustader.....	27
7.2.3	Offentleg eller privat tenesteyting.....	27
7.2.4	Fritids- og turistføremål	28
7.2.5	Næringsområde	28
7.3	Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur - PLBL § 11-7 nr.2.....	28
7.4	Landbruks- natur- og friluftsområde. (§ 11-7 nr. 5).....	28
7.4.1	Føremålet gjeld landbruks- natur og friluftsområde.....	28
7.4.2	Byggegrense i strandsona for tiltak i landbruket.....	29
Bygningar i stølsområde.....		29
7.4.3	Ytre Eikum, LNF-spreidd utbygging fritidsbustader	29
7.4.4	LNF – areal for spreidd bustadbygging.....	29
7.4.5	LNF – areal for spreidd hyttebygging	29
7.5	Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsona (§ 11-7 nr. 6).....	30
7.5.1	Småbåthamn	30
7.5.2	Ferdsel og farleier.....	30
7.5.3	Navigasjonsinstallasjonar (Ny)	30
7.5.4	Friluftsområde i sjø	30
7.5.5	Fiske /lås plassar.....	30
7.6	Omsynssone skred- og flaumfare	30
7.6.1	Fareområde for skred H310.....	31

7.6.2	Aktsemdsområde for skred H310.....	31
7.6.3	Fareområde flaum H320.....	31
7.7	Omsynssoner PLBL § 11-8 a, c og f	31
7.7.1	Omsynssone: sikring-, støy- og faresoner (§11-8a)	31
7.7.2	Omsynssone med særlege omsyn (§11-8c)	32
7.7.3	Omsynssone - bandlegging etter PLBL eller anna lovverk (§ 11-8d).....	33
7.7.4	Sone for vidareføring av reguleringsplan (§11-8f).....	33
DEL III RETNINGSLINJER		33
7.8	Omsynssoner – retningslinjer jf. PLBL § 11-8, c.....	34
7.9	Kulturminne og kulturmiljø. PLBL §11-9 nr.7. Kulturminnelova	34
7.9.1	Omsynssone kulturminne og kulturmiljø. H570	34
7.9.2	Sone med særlege omsyn for å ta vare på kulturmiljø med spesiell interesse og bevaring av landskap (11-8c) H570	35
7.10	Omsynssone villrein H520.....	37
7.11	Omsynssone friluftsliv H530	38
7.12	Vassmiljø	38
7.13	Retningslinjer for handsaming av dispensasjonssøknader i LNF-område.....	38
8.	Oppfylgjande planoppgåver	40

DEL I Planomtale

Innleiing

Urnes stavkyrkje vart skriven inn på UNESCO si liste over verdas natur- og kulturarv i 1979. Verdsarvområdet Urnes stavkyrkje omfattar stavkyrkja, kyrkjegarden og ei sikringssone på 5 - fem - meter utafor kyrkjegardsmurane.

I seinare tid har det kome krav frå UNESCO om å fastsetja ei buffersone kring verdsarvområda. Dette for å gje eit ekstra vern kring verdsarven. Det er utarbeidd eit «Fagdokument – Buffersone for Verdsarven Urnes stavkyrkje» i samsvar med «Retningslinjer for gjennomføring av verdsarvskonvensjonen (Operational Guidelines) artiklane 108-119».

Kommunedelplan for buffersona er utarbeidd med utgangspunkt i fagdokumentet. Føremålet med kommunedelplanen er å ivareta området på ein forsvarleg måte, slik at verdsarvverdiane vert oppretthalde.

For UNESCO er det eit sentralt punkt at verdsarven skal vera lokalt forankra. Dette omfattar også buffersona og planen skal difor forankrast gjennom det kommunale plansystemet jfr Plan og bygningslova.

1.1 Bakgrunn

Buffersoneplan for «Verdsarvområdet Urnes stavkyrkje» er ein avgrensa arealdel til kommuneplan i Luster kommune.

Planarbeidet er forankra i Luster kommune sin planstrategi vedteken k-sak 45/20 28.08.2020 med oppstart i 2020 og vedtak i 2021.

1.2 Plandokument

A. Tekstdokument:

1. Planomtale
2. Juridisk bindande føresegner
3. Retningslinjer og oppfylgjande oppgåver
4. Vedlegg;
 - Fagdokument – Buffersone for Verdsarven Urnes stavkyrkje
 - Konsekvensutgreiingar for i alt 12 delområde
 - ROS-vurdering

Med bakgrunn i at det ikkje føreligg innspel til nye byggetiltak i planområdet føreligg det ikkje ROS-analyse for tiltak.

B. Kartløyising som er digital og nettbasert:


1. Plankart – juridisk bindande som viser arealbruken innafor buffersona
2. Juridisk bindande temakart med omsynssoner:
 - a. H310 Fareområde Skred i bratt terreng
 - b. H310 Aktsemdsområde for Snøskred og steinsprang

- c. H310 Aktsemdsområde for Jord- og flaumskred
 - d. H320 Fareområde for flaum
 - e. H720 Bandlagd jfr Naturmangfaldslova
 - f. H730 Bandlagd jfr kulturminnelova
 - g. H910 område for vidareføring av reguleringsplanar
3. Temakart – ikkje juridisk bindande omsynssoner; kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv, mm.

I ROS-analysen er forhold som kan påverka utviklinga i buffersona vektlagt. Dette er m.a.

- Nedgang i folketalet
- Endra driftsformer i landbruket og attgroing
- Transportløyningar

Kommuneplanarbeidet – 4-års syklus :



Figur: 4 årsyklus for kommuneplanarbeidet:

2. Lovgrunnlag

Kommunestyret er jf. §§ 11-5 til 11-11 Plan- og bygningslova tillagt mynde og ansvar for å utarbeida og vedta kommuneplan. Særskild for arealdelen gjeld.

PLBL §11-5 Kommuneplanens arealdel

Kommunen skal ha en arealplan for hele kommunen (kommuneplanens arealdel) som viser sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Det kan utarbeides arealplaner for deler av kommunens område.

Kommuneplanens arealdel skal angi hovedtrekkene i arealdisponeringen og rammer og betingelser for hvilke nye tiltak og ny arealbruk som kan settes i verk, samt hvilke viktige hensyn som må ivaretas ved disponeringen av arealene.

Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, bestemmelser og planbeskrivelse hvor det framgår hvordan nasjonale mål og retningslinjer, og overordnede planer for arealbruk, er ivaretatt.

Plankartet skal i nødvendig utstrekning vise hovedføremål og omsynssoner for bruk og vern av arealer.

Kommunen kan etter vurdering av eget behov detaljere kommuneplanens arealdel for hele eller deler av kommunens område med nærmere angitte underføremål for arealbruk, omsynssoner og bestemmelser, jf. §§ 11-7 til 11-11.»

Andre viktige lover som regulerer arealbruk er Jordlova, Naturmangfaldslova og Kulturminnelova.

3. Rettsverknad av kommuneplanen sin arealdel (PLBL §11-6)

Planomtalen er rettleiande.

Planføresegner og plankart er juridisk bindande for arealbruk i kommunen.

Tilsaman utgjer dei den juridisk bindande delen av kommuneplanen sin arealdel. Lovgrunnlaget og den rettslege verknaden av kommuneplanen sin arealdel er omtalt i kapittel 2 og 3.

Ved revisjon av arealdelen til Luster kommune vert «*Kommunedelplan for buffersona til Urnes verdsarvområde*» med tilhøyrande føresegner og retningslinjer implementert i planen

Plankartet og omsynssoner

Ein arealplan omfattar arealføremål, omsynssoner og juridiske linjer og punkt; jf. kart- og planforskrifta. Plankartet med omsynssoner skal i naudsynt utstrekning visa hovudføremåla for bruk og vern av areal. Det kan vere fleire omsynssoner som er gjeldande for same areal. Føresegnene utfyller og gjer greie for den fastlagde arealbruken og innhaldet i omsynssonene; jf. PLBL §§ 11-9 til 11-11. Plankartet med arealføremål og nokre opplista omsynssoner er juridisk bindande. Andre opplista omsynssoner er retningsgivande (sjå under).

Omsynssoner – juridisk bindande:

- H310 Faresone ras
- H320 Faresone flaum
- H350 Faresone eksplosjon og brann
- H720 Bandlagde område etter lov om naturvern/ naturmangfald
- H730 Bandlagde område etter lov om kulturminne
- H740 Bandlagd område som er avsett som omsynssone jf. energilova og vassdragslova
- H910 Gjeldande reguleringsplan

Digitalt plankart

Luster kommune sine kart til KPA er digitale og er tilgjengelege på kommunen si heimeside www.luster.kommune.no gjennom kartløysinga www.kommunekart.com.

Retningslinjer og føringar i plandokumentet uttrykkjer kommunen sine ynskje for utviklinga i planperioden, og skal leggest til grunn i arealplanlegging og byggjesakshandsaming.

Omsynssoner – retningsgjevande (ikkje juridisk bindande):

- H520 Omsynssone villrein
- H530 Omsynssone friluftsliv
- H560 Omsynssone naturmiljø
- H570 Omsynssone kulturminne og naturmiljø

Ved strid mellom ulike arealplanar, gjeld den siste godkjende planen dersom ikkje anna er avklart i kommuneplanen. Reguleringsplanar som gjeld framfor kommuneplan er vist i kartet jf. PLBL § 11-8 f *Avvik frå føresegner og plankart må handsamast som dispensasjonssak.*

3.1 Planavgrensing

Den fysiske plangrensa er sett med utgangspunkt i fylgjande kriterium:

1. Den historiske tilknytninga til gardsvaldet – dvs den historiske garden Ornes
2. Det synlege landskapsrommet sett frå verdsarvminnet
3. Område med historisk, kulturell og funksjonell tilknytning til verdsarvstaden

Buffersona er delt inn i 11 delområde. Dette er gjort med bakgrunn i:

1. Nærheit til verdsarvminnet
2. Det synlege landskapsrommet sett frå verdsarvminnet
3. Område med historisk, kulturell og funksjonell tilknytning til verdsarven.

Planen omfattar ikkje nye utbyggingsområde eller vesentleg endra arealbruk. Men planen kan få konsekvensar for tiltak som medfører:

- store landskapsinngrep
- endringar i horisontlinjer
- store endringar i landskapsformer
- endring av gjeldande arealføremål

Planprosess og organisering av arbeidet

Innspel til planarbeidet og medverknad

Luster kommune bad om innspel til planarbeidet i samband med handsaming av planprogrammet. Det kom ikkje inn forslag til nye utbyggingsområde jfr PLBL som gav grunnlag for utarbeiding av konsekvensutgreiing (KU). Derimot er det utarbeidd ein avgrensa KU for dei 11 delområda som planområdet er delt inn i.

Innspel knytt til anna regelverk

Innspel jfr kraftutbygging Kinsedøla:

Slike utbyggingssaker vert handsama av NVE jfr energilova og konsesjonslova. Luster kommune er uttalepart i sakene.

Saka er tidlegare handsama i «Kommunedelplan for småkraftverk i Luster» og uttale til NVE i sak om utbygging av 5 småkraftverk i 2015. NVE avslo i 2016 søknad om utbygging av m.a. Kinsedal Kraftverk.

Organisering av planarbeidet

Luster kommune som planmynde skal (jf. PLBL §5-1) syrgja for ein open og brei medverknadsprosess. Ansvar for kommuneplanarbeidet er lagt til kommunestyret (jf. PLBP 9-1) og arbeidet er elles organisert slik:

Luster kommune som planmynde skal (jf. PLBL §5-1) syrgja for ein open og brei medverknadsprosess. Ansvar for kommuneplanarbeidet er lagt til kommunestyret (jf. PLBP 9-1) og arbeidet er elles organisert slik:

Gruppe	Medlemer
Styringsgruppe/kommuneplannemnd	Formannskapet
Plangruppe	Urnes verdsarvråd
Arbeidsgruppe	Riksantikvaren (Oslo og Bergen), Vestland fylkeskommune - kulturarv, Luster kommune, Fortidsminneforeninga – hovudkontoret, Verdsarvkoordinator, Lokal arbeidsgruppe – Urnes Verdsarvråd.

Innspel / merknader til planarbeidet vart handsama under arbeid med planprogrammet.

Bygdemøte

I perioden planprogrammet var utlagt til offentleg ettersyn vart det gjennomført eit ope møte på Fjordstova i Skjolden 19.03.2021. I møtet vart det informert om planarbeidet og føresetnader som var lagt til grunn. Fristen for innspel var den same som fristen for høyring av planprogrammet.

Samråd

Samråd er ei drøfting med regionale forvaltningsmynde om prinsipppløysingar, for å avklara vanskelege saker på eit tidleg tidspunkt. Luster kommune vurderte saka slik at det ikkje var trong for samråd i dette planarbeidet.

4. Status andre plandokument i buffersona

Området er i dag omfatta av Kommuneplanen sin arealdel (KPA) 2019 - 2030. Arbeidet med revisjon av planen er starta opp. Fylgjande plandokument er utarbeidd og føreligg for planområdet:

- Forvaltningsplan for Ornes
- Forvaltningsplan for Solvorn
- Besøksforvaltningsplan for Urnes stavkyrkje
- Skjøtselsplan Ornes – del I og del II

Riksantikvaren / Vestland fylkeskommune arbeider med eit framlegg om *Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse* - **KULA**. Dette er eit kunnskapsgrunnlag og eit forvaltningsverktøy for kommunar og andre styresmakter som påverkar og styrer utvikling av landskap. I Luster tilsvarar KULA-området «*Buffersona til verdsarven Urnes stavkyrkje*».

4.1 Føringar i gjeldande planar

Kommunale føringar:

Kommuneplanen sin Samfunnsdel (KPS) vedteke 16.06.2022 gjev desse føringane for arealdelen:
[Kommuneplanen sin samfunnsdel \(link\)](#)

Viktige føringar er m.a.:

- Status som verdsarv - og nasjonalparkkommune vert nytta til å formidla og vidareutvikla ein berekraftig verdiskaping
- Støtta opp om utviklinga av verdsarven Urnes stavkyrkje og tilhøyrande område

Regionale føringar:

Forvaltningsplan for Ornes som vart vedteken Sogn og Fjordane fylkeskommune og Luster kommune i 2015 har dette som hovudmålsetjing:

Forvaltningsplanen skal bidra til å ivareta Urnes stavkyrkje som verdsarvobjekt, og styrke lokalsamfunnet sin rolle som verdsarvforvaltar på Ornes.

[Forvaltningsplan Ornes \(link\)](#)

4.2 Strategiar, fokusområde og målsetjingar for ny plan

Kommuneplanen sin Samfunnsdel (KPS) saman med dokumentet Planstrategi og planprogram legg føringar for arealdelen av kommuneplanen. [Kommuneplanen sin samfunnsdel \(link\)](#)

Strategi for verdsarvområdet – buffersona

Støtta opp lokalsamfunnet sitt arbeid i å ta vare på og styrka dei innskrivne verdsarvverdiane.

Busetjing:

- *Ljos i alle hus – heile året*
- *Hus til alle som vil bu – heile året*
- *Gode transportløyisingar for alle - heile året*

Landskap:

- *Eit historieforteljande landskap*

Næring:

- *ein verdsarv som grunnlag for berekraftig næringsarbeid*
- *ei berekraftig landbruksnæringa som opprettheld kulturlandskapet*

Besøkjande:

- *Gode opplevingar – heile året*

Målsetjing:

Busetjing

- Innføra tiltak som i sterkare grad sikrar fast busetnad på bustad- og landbrukseigedomar på Sørsida heile året.
- leggja til rette for gode transportløyisingar over fjorden - også vintertid

Landskap:

- *reetablere eit lesbart landskap / ope kulturlandskap i innmarksnære område*

Næring

- Stimulera til næringsverksemd i buffersona som ivaretek verdsarvverdiane og fast busetjing

Besøkjande

- Tilretteleggja for tilbod til besøkjande som skal vera berekraftige jfr FN sine berekraftsmål

5. Konsekvensutgreiing og vurderingar

Miljøverndepartementet si tilråding 2012:

- eventuelle buffersoner vert innarbeidd i kommunen sitt planverktøy jfr plan- og bygningslova sine reglar.

- Retningslinjer / føresegner om verdsarven kjem inn som tema i forskrift om konsekvensutgreiingar jfr PLBL
- Målet med ei buffersona er å unngå at det vert satt i verk tiltak utafor verdsarvområda som kan ha negativ verknad på verdsarvverdiane

Retningslinjer / føresegner jfr forskrift om konsekvensutgreiingar er *ikkje* teke inn. Det er likevel lagt til grunn ei forenkla KU.

Planområdet er delt inn i 12 delområde. Inndelingane er gjort med bakgrunn i dei ulike landskapsromma.

Delområde nr	Namn på området	Type område	Sone-område	Tilknytning
1	Ornes	Nærområdet til verdsarvminnet og kjerneområde for den historiske garden	Nærsone 1	Verdsarvområdet og det nære området til verdsarven
2	Kvanngjelane - Tausasva – Persgjel	Utmark	Nærsone 2	Omkransar inmarksområdet på Ornes
3	Kroken – Loi – busetnad – landbruk	Gardsområde / innmark	Nærsone 2	Historisk tilknytning
4	Kinsedal – busetnad – landbruk	Gardsbruk / innmark med småbruk	Nærsone 2	Historisk tilknytning
5	Solvorn – busetnad – landbruk	Bygd og landbruksområde – “inngangsportal” til verdsarven	Nærsone 2	I syninga, høg grad av kulturpåverknad og nærheit til verdsarvminnet
6	Mollandsmarki – busetnad og landbruk	Gardsområde / innmark	Fjærnsone	I syninga og høg grad av kulturpåverknad
7	Fjorden 1	Fjorden som ferdselsåre	Nærsone 2	Landskapsrommet, ferdsla. Samanbindinga mellom Ornes og Solvorn
8	Fjordliene Kinsedal – Kvarven	Utmarksområde med skog	Fjærnsone	Historiske tilknytning
9	Krokadalen – Tisedalshøgdi – Marheimsholten	Utmarksområde	Fjærnsone	Historisk tilknytning – utmark i gardsvaldet
10	fjell og fjordlier Haugmelen – Molden	Utmark	Fjærnsone	I syninga
11	Nes	Gardsområde – busetnad	Fjærnsone	I syninga og høg grad av kulturpåverknad
12	Fjorden 2	Fjorden som ferdselsåre	Fjærnsone	I syninga og historisk tilknytning

5.1 Utfordringar med å sikra verdiar i buffersona

For å sikra at buffersona sine verdiar vert oppretthalde i eit langsiktig perspektiv er det ikkje berre utbygging og tekniske inngrep som kan vera ei utfordring. I eit område som Ornes er det i stor grad utfordringar av «motsatt» karakter. Dette er knytt til å oppretthalda:

- Busetjing
- Landbruksdrift og anna næringsverksemd
- eit ope landskap

5.2 Busetjingsmønster og folketalsutvikling. Utviklingstrekk

Busetjing i Luster kommune fordeler seg i hovudsak på ni bygdelag, og med kommunesenter i Gaupne som eit naturleg tyngdepunkt ut frå geografi og folketal. Cirka 210 km med riks- og fylkesvegar bind bygdene saman.

I takt med rasjonalisering og samanslåing / nedlegging av gardsbruk har det skjedd ei uttynning av busetnaden i fleire av bygdene i kommunen, og ei indre sentralisering med ein større konsentrasjon i område med lettast tilgang til ein større arbeidsmarknad og eit breiare tenestetilbod som Gaupne og Hafslø.

Kommunestruktur:

Luster har denne senter-/ bygdelagsinndelinga:

Kommunesenter: Gaupne

Bygdesenter: Hafslø, Jostedal og Skjolden.

Gaupne er bygdesenter for dei som bur i Gaupne og nærområdet.

Bygdelag: Solvorn, Veitastrand, Indre Hafslø, Luster, Fortun, Sørsida av Lustrafjorden

På Sørsida er skulestrukturen denne:

Born på Ornes og i Kinsedalen:

- går i barnehage og barneskule i Solvorn
- ungdomsskule på Hafslø
- vidaregåande Sogndal evt andre stader i fylket – og flyttar heimefrå etter ferdig ungdomsskule

Born frå Kroken – Sørheim

- går i barnehage og barneskule på Skjolden
- ungdomsskule i Gaupne
- vidaregåande Sogndal evt andre stader i fylket – og flyttar heimefrå etter ferdig ungdomsskule


Folketalsutvikling (personar) – Sørsida – Solvorn

Folketalsutvikling (personar) – Sørsida og Solvorn 2007 - 2017

(Tilnærma skulekrinsar, Ornes - Sørheim er skilt ut som eige område)

Tal personar	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	Endring 2007 til 2017	Endring %
Sørsida	110	110	101	102	103	106	105	103	100	90	87	-23	-21
Solvorn	210	207	207	213	216	226	218	220	213	208	202	-8	-7

Kommunedelplan for buffersona til Urnes verdsarvrområde



(Tilnærma skulekrinsar, Urnes - Sørheim er skilt ut som eige område)

Tabell


Folketalet i grunnkrinsane

Lastar...

Variablar i filter:

År, 2020

Måltal, Personar



Folketalssamansetjing på Sørsida og Solvorn 2020. Kjelde SSB

Ornes – Kinsedalen

Ut frå status i mars 2021 er fylgjande fakta - samla folketal 41 personar av dette:

- 0 barn i barnehagealder
- 7 barn i barneskule i Solvorn
- 2 born på ungdomsskule på Haf slo
- 3 ungdomar på vidaregåande
- Aldersgruppa 20 – 40 år 6 personar
- Aldersgruppa 40 – 67 – 10 personar
- 67 – og over; 15 personar

Barn i barnehage- og grunnskulealder er eit viktig grunnlag for at ferje-/ skuleskysordninga held fram. Det er difor avgjerande at fødselstalet vert oppretthalde – elles kan grunnlaget for fylkeskommunale tilskot til ferja falla bort.

Byggjefeltet Borhaug i Solvorn er for tida under utbygging. Dette kan føra til ein liten auke i folketalet i bygda – og spesielt born og unge. Endringar i folketalet i dei andre delområda som Solvorn, Mollandsmarki og Nes vil ikkje ha innverknad på Verdsarven.

I Luster er det ei indre sentralisering med god vekst både i Gaupne og på Hafslo. Sørsida er den delen av kommunen med størst nedgang i folketalet og fleire eldre flyttar etter kvart til Gaupne eller Hafslo. Også Veitastrond og Jostedalen har ein merkbar nedgang i folketalet.

5.3 Næringsliv og bustadbygging i planområdet

Heilårs arbeidsplassar:

Heilårsarbeidsplassar er i hovudsak innafor desse sektorane:

- Jordbruk – Solvorn, Sørsida og Mollandsmarki
- Båtbyggeri – Ornes båtbyggeri
- Samferdsel – Lustrabåtane – lokalt ferjeselskap

I tillegg er det noko «*mangesyleri*» der innbyggjarar i området har ein kombinasjon mellom jordbruk, handverk og foredling/sal av frukt, bærprodukt m.m.

Sesongarbeidsplassar:

I området er det ei rekkje sesongarbeidsplassar knytt til både jordbruk og reiseliv.

Sesongarbeidsplassar er i stor grad:

- Bærplukking i Solvorn og på Sørsida
- Overnattings- og serveringsverksemdar i Solvorn og på Ornes
- Omvising Urnes stavkyrkje

Jordbruk- og kulturlandskap

Planområdet er sterkt prega av jordbruket sitt kulturlandskap. Strandsitjarstaden Solvorn er det næraste ein kjem ein tettstad. Utover dette er busetnaden spreidd.

Bustadbygging:

Ein viktig føresetnad for næringslivet på Sørsida er tilgjengelege bustader og/eller tomter. Ved sal av både landbrukseigedomar og bustader går desse ofte over til å verta fritidseigedomar. I nedre del av Solvorn er også mange bustadhus i dag i bruk som fritidshus.

I KPA er det lagt opp til at området Bakkane på Ornes kan omregulerast til bustadbygging. I Luster kommune sitt planleggingsprogram ligg det inne oppstart etter at arbeidet med buffersonneplanen er fullført.

Det er ikkje utbygd infrastruktur i området. Det er avsett eit område på 36 daa med mogeleg plass til 20 tomter / bueiningar. Utbyggingskostnader for evt kommunalt byggfelt på Ornes kan koma på 8-9 mill kroner. Dette inkluderer veg, V/A og grunnkjøp. Det er vanskeleg / uråd å få privat utbyggar på slike felt då det bind kapital i lang tid i påvente av sal av tomtene.

Solvorn

Borhaug er det siste området som er regulert til bustadbygging. Av 15 tomter er det pr 01.09.2021 4 ledige tomter i feltet.

Spreidd bustadbygging

På Låvaneset er det avsett eit område på 10 daa til bygging av maks 3 hus.

5.4Landskapet

Lustrafjorden ligg i landskapsregion «Indre bygder på Vestlandet» (NIBIO) med fylgjande underregionar:

- Lustrafjorden
- Fjordmøte



Kjelde: Referanse: Puschmann, Oskar. 2005. "Nasjonalt referansesystem for landskap. Beskrivelse av Norges 45 landskapsregioner." NIJOS-rapport 10/2005. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging, Ås. Side 98-101.

<file:///C:/Users/26torvin/Downloads/NIJOS-Rapport-2005-10.pdf>

Systemet er basert på fellestrekk i landskapet. Kvar av dei 45 regionane har kvar sine særeigne landskapskarakterar basert på samansetjinga dei seks grunnleggjande landskapskomponentane:

Landskapet si hovudform

- landskapet sine små småformer
- vatn og vassdrag
- vegetasjon
- jordbruksmark
- busetnad og tekniske anlegg

Fjordstrekninga frå Kvarven til Nes er vel 21 km. Fjorden er omkransa av bratte, skogkledd fjell-lier som stig vel 1000 meter rett opp. Isen har i si tid forma landskapet og fjordliene er igjen prega av «innhogg» av fossar som er utforma som vertikale trau (eit stort, avlangt uthola trefat). Vassføringa i desse elvane og grøvene er ofte knytt til periodevis store nedbørsmengder og i vårløysinga.

Dette landskapet som i dag vert sett på som utilgjengeleg, er sterkt kulturprega gjennom tidlegare busetjingar i form av husmannsplassar og intensivt utnyttta utmarksressursar. Dette kan vera slåtteteigar, haustingsskog, vedaskog, beiteområde og stølar. I dag er det lite att av denne bruken og landskapet vert meir og meir prega av fråvær av aktivitet med påfylgjande forfall eller attgroing.

Nokre stader er nesa og vikene større og frodigare enn andre stader langs fjorden. Her har det gjennom nokre tusen år vore skapt eit grunnlag for jordbruk og busetjing. Verdiar vart skapt gjennom bruk av ressursane som låg i liene. Forfall av bygningsmasse og attgroing er største trugsmålet.

5.4.1 Endringar i kulturlandskapet

Kulturlandskap er i stadig endring – også på Ornes og dei tilhøyrande områda. Årsaka kan knytast til strukturelle samfunnsendringar – som også er universelle – med ei verdsomspennande urbanisering. Driftsformene i landbruket er i stadig endring. Sentralisering, flytting frå distrikta til sentrale område fører til nedlegging av gardsbruk. Spesielt går dette utover små bruk med ei vanskeleg arrondering. Tungvindt drift og høgare krav til effektivisering gjev som oftast ikkje nok inntekt og gardsbruk vert lagt ned eller slått saman med nabobruk.

Tidlegare var det vekt på husdyrhald med fleire husdyrslag som beita i utmark sumarhalvåret. I seinare tid har det vore ei endring til større vekt på frukt- og bærproduksjon. Avviklinga av husdyrhaldet gjev seg utslag i både randområda til innmarka og utmarka generelt. Ein tett lauvskog veks seg stadig nærmare kyrkja. Det opne landskapet som har vore ein viktig / avgjerande faktor og sytt for luftstraumar som gjer at kyrkja turkar opp, er i ferd med å forsvinna. Auka nedbørmengder og skog som veks tettare og tettare inn på kyrkja fører til endra lokal-klimatiske forhold for kyrkja. Det opne landskapet er ikkje lenger ope og det utviklar seg etter kvart eit fuktigare miljø kring kyrkja. Dette fører så igjen til ei gradvis attgroing – skogen vert tettare, og den veks stadig tettare innpå kyrkja og busetnaden. Med framvekst av skog på Ornes er kyrkja i ferd med å forsvinna inn i eit tett skoglandskap.

Stavkyrkja er bygd på ein morenerygg med låg luftfuktigheit og god gjennomstrøyming av luft. Etter kvart som skogen veks seg tettare inn på stavkyrkja vert det meir stillestående luft og det er ein fare for ei utvikling med meir algevekst på bygningane – også stavkyrkja.

Dette har UNESCO framheva: klimaendringar som auka nedbør vil føra til negative konsekvensar for kyrkja, dersom dei ikkje vert løyst i tide.

Med den tette vegetasjonen som har krope inn på kyrkja dei siste 50 åra kan det føra til skader på kyrkja i form av algevekst og påfølgjande fuktskadar.

Eit ope kulturlandskap i bygdene som utgjer buffersona er avgjerande for opplevinga av kyrkja i landskapet.

Kulturminne som steingardar, bakkemurar, tufter, vorrar, vegfar m.m. er også i ferd med å forsvinna i den tette skogen. Å få fram att desse vil styrka forståinga og kunnskapen om kyrkja i landskapet. Styrking av den beitrelaterte landbruksnæringa vil kunna motverka evt negative verknader av klimaendringane ved igjen å opna opp att landskapet.

Tilskotsordningar

For verdsarvområda er det eigne tilskotsordningar for ulike innsatsområde

- Riksantikvaren: Post 79 Verdsarv – omfattar også buffersona
- Landbruksdirektoratet: Tilskot til prosjekt og tiltak som er knytt til område på UNESCO si verdsarvliste. Gjeld pr i dag for Vestnorsk fjordlandskap, Vegaøyane og Rørø

5.5 Større utbyggingar i planområdet

For evt planlegging av større tiltak innafør buffersona skal det takast stilling til om tiltaket må konsekvensutgreiast i samsvar med «Konsekvensutgreiingar for Verdas kulturarvområde - KUVA»

I planområdet er det ingen kjende store utbyggingar under planlegging. Dei største kjende tiltaka er bygging av verdsarvsenter på Ornes og område for bustadbygging Bakkane på Ornes.

6. Arealføremål - jf PLBL§ 11-7

Kommuneplanen sin arealdel skal i nødvendig utstrekning visa arealføremål som er lista opp i § 11-7 nr 1-6. Hovudføremåla vert inndelt i aktuelle underføremål. Hovudføremål nr 5, Forsvaret, har ikkje areal i Luster.

6.1 Bygningar og anlegg (§ 11-7 nr 1)

Sosi-kode 1001

Underføremål er: bustader, fritidsbustader, sentrumsføremål, kjøpesenter, forretningar, bygningar for offentleg eller privat tenestyting, fritids- og turistføremål, råstoffutvinning, næringsbygg, idrettsanlegg, andre typar anlegg, uteoppfallsareal og grav- og urnelundar.

6.1.1 Bustader

Sosi kode1110

Bustadstrategi:

Bustadbehov i Luster 2018 - 2029

Følgjande vert lagt til grunn:

- Satsing på bustadbygging i alle bygdelag for å oppretthalda ein desentralisert struktur
- Område for spreidd bustadbygging i bygder utan regulerte bustadområde
- Retningslinjer for spreidd bustadbygging (KPA 2008) vert vidareført i revidert plan

Bygd	Behov bueiningar pr. år	Behov bueiningar i perioden 2021 – 2025	Behov bueiningar perioden 2021 – 2033
Solvorn	2	8	24
Sørsida	1	4	12
Sum			

Bustadbygging i bygdene:

Luster kommune har over mange år hatt ei aktiv rolle som tilretteleggjar av utbyggingsområde.

Solvorn:

Borhaug er opparbeidd og tomtosal starta i 2013. Pr 03.11-2022 er 4 av 15 tomter ledige.

Ornes / Sørsida:

Området Bakkane på Ornes vert omregulert frå landbruk til byggeområde bustader. Område for spreidd bustadbygging på Låvaneset vert vidareført.

Status byggeområde bustad – regulerte, opparbeidde eller avsett i arealdel

Byggeområde bustader				
Område	Daa	Sum bueiningar	Ledige bueiningar	Status
Solvorn:				
Borhaug	4	12	4	Er regulert og opparbeidd
Ornes / Sørsida:				
Bakkane	36	20	20	Må omregulerast
Låvaneset	10	3	3	Spreidd bustadbygging – privat
Sum	48	35	27	

Samandrag bustadbygging:

Område som skal omregulerast = 20 daa
 LNF-område med spreidd bustadbygging - Låvaneset = 4 daa
 Ferdig regulert til byggeområde for bustader som enno ikkje er ferdig utbygd = 4 daa

Sum = 28 daa

Fritidsbustader

Sosi-kode 1120

Gjeld fritidsbustader/hytter. Hytter og hyttefolk er viktige for lokalt næringsliv både i bygge- og driftsfasen, og styrkjer grunnlaget for lokale tenester og tilbod.

Status område hyttebygging i planområdet:

Det er ikkje lagt ut område med krav til reguleringsplan i planområdet.

Hyttebygging på dyrka mark:

Det er eit hovudprinsipp i kommuneplanen at det ikkje vert lagt ut område for hyttebygging på dyrka mark.

Hytter ved fjorden:

Langs fjorden er det eit hovudprinsipp at hytter vert trekt vekk frå sjølvne strandsona og plassert i «li-sona». Sjølvne strandsona vert oppretthalde som LNF-område eller friområde slik at den tener som eit fellesgode for alle hyttene i området med felles badeplass/strand, svaberg for fiske, soling og opphald, utlegging av båt og båtopptrekk. Ei slik løysing vil kunne løysa ut fleire attraktive hyttetomter nær strandsona, enn det ei utbygging av sjølvne strandsona vil gjera. Ei strandsone som ikkje er utbygd er også eit gode for fleire enn dei som har hytter i området og vil vera ein stor gevinst for både fastbuande i kommunen og tilreisande.

Sjå også avsnittet Strandsona, på kap. 6.3.2.

6.1.2 Offentleg eller privat tenesteyting

SOSI-kode 1160

Føremålet omfattar skular, anlegg for helse og omsorg, kyrkjer og forsamlingshus, bygg for kontor/ administrasjon og liknande.

Ny plan.

For eksisterande bygg/anlegg syner planen uendra arealbruk eller mindre justeringar.

Føremålet omfattar skular, anlegg for helse og omsorg, kyrkjer, forsamlingshus, bygg for kontor og administrasjon, trening og liknande.

Kyrkjer	Skule/barnehage
Nes kyrkje	Solvorn oppvekstsenter
Urnes stavkyrkje	
Solvorn kyrkje	

6.1.3 Fritids- og turistføremål

SOSI-kode 1170

Føremålet omfattar campingplassar, utleigehytter, hotell/overnattingsbedrifter og liknande.

Område for fritids- og turistføremål i gjeldande plan med krav om regulering som enno ikkje er regulert:

Status. Behovsvurdering.

Mål i samfunnsdelen: «Berekraftig reiseliv basert på dei unike natur- og kulturverdiane i Luster» er prioritert satsingsområde i KPS. Planen bør difor leggja til rette for utvikling av reiselivsbedriftene innafor dei føringane som er gjeve i KPS.

Anlegg /areal med funksjon som fellesgode for reiselivsnæringa er t.d. småbåthamner, badeplassar og friområde. Slike område er omtalte i andre delkapittel. (Sjå m.a. Grønstruktur , Bruk og vern av sjø og vassdrag)

Eksisterande område for fritids- og turistføremål i planområdet:

Stad	Type anlegg	Planstatus
Solvorn	Walaker hotell	Reguleringsplan
Solvorn	Eplet Bed & Apple	Reguleringsplan
Solvorn	Villa Solvorn	Reguleringsplan
Sørsida	Munthehuset, Kroken	K-plan
Sørsida	Urnes gard og hjortefarm	Reguleringsplan

6.1.4 Næringsareal

SOSI-kode 1300

Føremålet omfattar næringsbygg for Industri/verkstad/lager og liknande. Kontor og forretningar knytt til næringsverksemda inngår i områda.

Areal avsett til næring i eksisterande plan (er ikkje komplett):

Område	Unyttareal Ca. daa	Merknad	Planstatus
Solvorn	0	Solvornbui	Regplan
Sørsida		Kroken	

6.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§11-7 nr 2)

Sosi-kode 2000

Underføremål er: veg, bane, lufthamn, kai/hamn, hovudnett for sykkel, kollektivnett, kollektivknutepunkt, parkeringsplassar, trasear for teknisk infrastruktur.

Planen viser:

- Hovudtrekk i vegsystemet: Fylkesvegar, viktige kommunale vegar og større parkeringsplassar
- Hamner og skipsleier
- Høgspenline
- Taubanar

Ny plan vidarefører hovudtrekk i eksisterande plan.

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur i kommuneplan 2015-26. Linjesymbol.

Anlegg	Sosi-kode	Merknad
Fylkesvegar	1122	
Kommunevegar	1125 og	
Tilkomst og samleveg	1125	
Gang og sykkelvegar	1130	
Skipslei	1161	
Kraftleidning. Høgspen	1170	

Stad	Kommentar	Planstatus	Daa
Solvorn	Småbåthamn	K-plan 15	

6.2.1 Parkering Solvorn

Trafikkanalyse Solvorn datert 05.12.19 vert lagt til grunn for rådmannen sine prioriteringar for gjennomføring av trafikale tiltak i Solvorn

Fylgjande tiltak vert vedteke, i prioritert rekkefølge:

1. Tydeleg oppmerking av alle p-plassar og skilting
2. Gjennomføring av skiltplan
3. Opparbeiding p-plassar, kommunal grunn
4. Parkeringsregistrering Solvorn og Ornes
5. Parkeringsvedtekter for Luster kommune
6. Informasjonstavle for parkering
7. Opparbeiding nye p-plassar ved kyrkja
8. Opparbeiding ny biloppstilling på kaien
9. El-sykkel / tilbringarteneste
10. Fjernparkering på Øvrabømoen

6.2.2 Parkering Ornes

Trafikkanalyse for Ornes skal leggjast til grunn for vidare planlegging av dei trafikkale forholda i tunområdet på Ornes.

6.3 Grønstruktur (PLBL §11-7 nr 3)

Sosi-kode 3000

Underføremål: naturområde, turdrag, friområde og parkar

Føremålet omfattar friområde, park, naturområde og turdrag i/nær tettstad eller lokale sentra. Viste friområde i plan 2008 er vidareførte.

6.3.1 Friområde

Føremålet omfattar friområde, park, naturområde og turdrag som ligg i eller i gangavstand til kommunesenter, bygdesenter eller byggefelt. Sidan strandsona langs fjorden vert sett på som svært verdifull, har denne fått ei eiga liste.

Friområde

SOSI-kode 2080

	Kommentar	Planstatus	Km
Aktivitetssløypa Ornes	Aktivitetssløype for barn med utgangspunkt i skulehuset	Buffersoneplan 2021	XX

6.3.2 Strandsona langs fjorden

Luster kommune har ei strandsona mot fjorden på heile 103 km. Svært mykje av denne strandsona har liten verdi for innbyggjarane flest og for turistar, då store deler av strandsona er svært bratt, ligg som ei smal stripe mellom sterkt trafikkert bilveg og fjorden, ligg i område som ikkje er tilgjenge utan båt eller strandsona er utbygd/privatisert.

Luster kommune utarbeida i 2005 ei strandsonenevurdering i kommunen. Strand eller svaberg egna for opphald som ligg nær byggefelt eller som har god plass til parkering og som er lett tilgjengeleg, har høgast bruksverdi. Høg verdi har også svaberg som er ein viktig del av det flotte kulturlandskapet/naturlandskapet som kommunen har. Fin strand eller fine svaberg som er mykje nytta av båtfolket, har også høg verdi.

Totalt er 1,7 km, eller 2,4 % av den totale strandsona mot fjorden i kommunen, foreslått lagt ut som friområde som eit felles gode for alle innbyggjarane i kommunen og for tilreisande.

Stad	Kommentar	Planstatus	Km
Solvorn, stranda	Sandstrand. Sentrumsnært, turisme. Foreslått utvida.	Regulert	0,2
Ornes – badeplass Laberg	Svaberg, ligg ved kai / ferjekai.	Ikkje regulert. Ligg i omsynssone friluftsliv i KPA	0,1
Sum			0,3 km

6.3.3 Landbruk- natur- og friluftsområde. LNF-R (§11-7 nr 5)

SOSI-kode 5100.

Underføremål:

- Areal for nødvendig tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag
- Areal for spreidd bustad-, fritid- og næringsbygg.

Føremålet omfattar:

- Reine område for landbruks-, natur-, og friluftsføremål og reindrift (LNF-R) – SOSI-kode 5100. Ca. 98 % av kommunen sitt landareal er sett av til LNF-område. Det aller meste er fjell /utmark.
- LNF-område der spreidd bygging av bustader, fritidsbustader og næringsføremål er tillate
- Det er ikkje tamreindrift i kommunen. I denne planen er det difor brukt LNF som føremålsnemning
- Planen legg opp til netto omdisponering av LNF-område til byggeføremål på ca. 1650 daa
- Forbruk av full dyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite i planperioden er 125 daa

Nytt område:

.....

**LNF-område for spreidd hyttebygging utan krav om reguleringsplan i revidert kommuneplan
SOSI-kode 5220**

LNF-område for spreidde fritidsbustader	ID-kommuneplan	Daa	Hytter
Indre Hafslø, Mollane	2008-LH11	16	3
Nye hytteområde	SUM	16	3

6.4 Bruk og vern av sjø og vassdrag og tilhøyrande strandsone (§11-7 nr 6)

SOSI 6230

Underføremål: ferdsel, farleier, fiske, akvakultur, drikkevatt, natur- og friluftsområde kvar for seg eller i kombinasjon.

Føremålet omfattar i denne planen sjøområde for ferdsel og farleier, båthamn, fiske, drikkevatt, naturområde og friluftsområde kvar for seg eller i kombinasjon. Alle føremål med eller utan tilhøyrande strandsone.

Bruk og vern av sjø og vassdrag langs fjorden må sjåast i samanheng med lista over friområde langs fjorden kap. 4.3.1.

6.4.1 Farleier

SOSI-kode 6200

Område avsett til farleier av Kystverket.

6.4.2 Småbåthamner

Anlegg for småbåtar av ålmenn karakter.

SOSI-kode 6230

Småbåthamn avsett i KPA

ID	6230 område avsett til ny småbåthamn
	Solvorn: Neset – krav om reguleringsplan

6.4.3 Område for fiske

Sosi-kode 6300

Områda er registrerte låssetjingplassar og er vidareførte uendra frå plan 2019.

6.4.4 Friluftsområde i sjø

Sosi-kode 6700

Luster kommune har nokre frå område regulert som friluftsområde sjø. Områda er så små og få at dei ikkje er viste i kommuneplanen.

Skipsleia i Sognefjorden er vist som linjesymbol 1161 skipsled.

6.4.5 Omsynssoner (PLBL§11-8)

Omsynssoner kjem i tillegg til planføremålet, og fastset gjennom føresegn eller retningsliner kva for særlege omsyn som skal gjelda for tiltak i området.

PLBL § 11-8 spesifiserer 6 hovudtypar av omsynssoner: bokstav a-f. I denne planen er soner under a, c, d og f tekne i bruk. Desse er omtalte under. Til soner under a, d og f er det gjeve juridisk bindande føresegner. Til viste soner under c er det gjeve retningsliner.

Sikrings- og faresoner (PLBL § 11-8 a)	
H310 Faresone ras	Desse omsynssonene er IKKJE vist i sjølve plankartet, men i temakart som er juridisk bindande. 1: Aktsemd stein- og snøskred 2: Aktsemd jord- og flaumskred 3: Rasfare – med 100-1000 og 5000 års skred
H320 Faresone flaum	Omsynssona er IKKJE vist i sjølve plankartet, men i to ulike temakart som er juridisk bindande. 1: Havnivåstigning/stormflo – år 2090/200 års stormflo
H350 Faresone eksplosjon og brann	Dette er område rundt bygg med lagring av eksplosjonsfarleg stoff og brannsmitteområde i Solvorn og evt Ornes
Soner med særleg angitte omsyn (§ 11-8 c)	
H520 Omsyn villrein	<u>Vest-Jotunheimen villreinområde:</u> Ved planlegging / tiltak skal det takast omsyn til trekkruiter og leveområde for villreinstamma i Vest-Jotunheimen villreinområde. Området bør prioriterast for villrein.
H530 Omsyn friluftsliv	Innanfor omsynssona skal friluftsliv ha prioritet. Det bør ikkje tillatast tiltak og inngrep som kan øydeleggja verdien til områda som friluftsområde. Områda som er vist som omsynssone er i samsvar med Luster kommune si kartlegging av friluftsverdi der område med høgast verdi er vist som omsynssone. Sjå utfyllande forklaring under.
H560 Omsyn naturmiljø	Omsynssona viser dei viktigaste naturmiljøa i kommunen. Viktige naturtypar (DN-handbok 13 og seinare spesifiseringar) er lagt inn. Kjelde www.miljostatus.no
H570 Omsyn kulturminne/kulturmiljø	Planen viser utvalde kulturmiljø som har bevaringsstatus/vernestatus gjennom reguleringsplan eller er bevaringsverdig kulturmiljø gjennom kulturminneplanen. Det bør ikkje tillatast tiltak som kan skada eller redusera kulturminneverdiane i områda.
H570 – Omsynssone verdsarv – nærsone 1	Nærsona omfattar neset på Ornes med fylgjande delområde: <ul style="list-style-type: none"> • Ornes - Nærområdet til verdsarvminnet og kjerneområde for den historiske garden
H570– Omsyn – verdsarv Nærsonen 2	<ul style="list-style-type: none"> • Kvanngjelane - Tausasva – Persgjel • Kroken – Loi – busetnad – landbruk • Solvorn – busetnad – landbruk • Kinsedal – busetnad – landbruk • Mollandsmarki – busetnad og landbruk • Fjorden 1 - Det nære fjordområdet mellom Solvorn og Ornes
H570 – Omsynssone verdsarv – fjernsone	Fjernsone omfattar område med særleg omsyn til landskapsformer, og som har historisk tilknytning til gardsvaldet Ornes, eller som er synleg frå verdsarvminnet <ul style="list-style-type: none"> • Fjell og fjordlier Haugmelen – Molden • Nes • Fjorden 1

	<ul style="list-style-type: none"> • Krokadalen – Tisedalshøgdi - Marheimsholten • Kinsedal – busetnad – landbruk • Fjordliene Kinsedal - Kvarven • Ingebjørgfjellet – Krokadalen • Fjorden 2
Soner for bandlegging (jfr, PLBL § 11-8 d)	
H720 Bandlagde område etter lov om naturvern/ naturmangfald	Sonene viser 3 område som er verna etter naturmangfaldlova. Innanfor sonene er det verneforskrifta som er styrande for all bruk.
H730 Bandlagde område etter lov om kulturminne	I planområdet er det 34 lokalitetar som er bandlagt jfr. kulturminnelova §§4,15 og 19.
H740 bandlagd område avsett som omsynssone jfr energi- og vassdragslova	Gjeld eksisterande og vedtekne større høgspenningsanlegg og transformatorstasjonar og reguleringsmagasin.
Detaljeringszone (jfr. PLBL § 11-8-f)	
H910 Gjeldande reguleringsplan (eiga føresegn)	Sone der gjeldande reguleringsplan med tilhøyrande føresegner framleis skal gjelde.

DEL II JURIDISK BINDANDE DEL

Juridisk bindande del omfattar føresegner og plankart med omsynssoner (sjå omtale kap 3)

7. Føresegner

Føresegnene:

- er saman med plankartet juridisk bindande for framtidig arealbruk (PLBL § 11-6)
- inneheld både generelle føresegner som gjeld for fleire arealbruksføresmål, og særskilte føresegner knytt til det enkelte arealbruksføreålet.
- gjeld ikkje for område der eksisterande reguleringsplan skal gjelda framfor kommuneplanen (omsynssoner etter §11-8,f)
- er utforma i samsvar med reglane i § 11-9 i PLBL, jf. PLBL §§11-7 og 11-8.

Avvik frå føresegnene skal handsamast som dispensasjon, jf. reglane i PLBL § 19.

7.1 Generelle føresegner. PLBL § 11-9

7.1.1 Krav om reguleringsplan.

Areal sett av til bygg og anlegg etter PLBL § 11-7 nr. 1, og samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur etter PLBL § 11-7 nr. 2, skal inngå i ein reguleringsplan før tiltak som krev søknad og løyve etter PLBL §§ 20-1 og 20-2 blir tillate. Dette generelle plankravet gjeld ikkje der det er fastsett noko anna i føresegner knytt til einskilde underføresmål.

7.1.2 Rekkefølgekrev.

Areal sett av til bygg og anlegg jf. PLBL § 11-7 nr. 1, kan ikkje takast i bruk før trafikkisikker vegtilkomst, vassforsyning, avlaupsanlegg og energiforsyning er etablert.

Heimel: PLBL § 11-9 nr. 4. el 8

Krav knytt til området:

- Bakkane – omregulering

Heimel: PLBL § 11-8???

7.1.3 Byggegrense langs vassdrag

- Av omsyn til både flaumfare og vassdragsmiljøet er det langs både sider av bekkar med oppstraums nedslagsfelt mindre enn om lag 20km², ei byggegrense på 30 meter frå vasskanten målt ved gjennomsnittleg flaumvasstand.
- Av omsyn til både flaumfare og vassdragsmiljøet er det på både sider langs elvar med meir enn 20km² nedslagsfelt ei byggegrense på 50 meter. Grunngeving er terrengformasjonar med stigningsforhold (V-dalar) langs mange av vassdraga som gjer at områda vil liggja høgare i terrenget.
- Av omsyn til flaumfare er det på både sider langs elvar på flate elve- og bekkesletter ei byggegrense på 80 meter.

Heimel: PLBL § 11-9

7.1.4 Byggegrense for nye område i strandsona

Byggegrense i strandsona er 100 meter dersom ikkje anna er fastsett i reguleringsplan eller kommuneplan.

For areal i strandsona sett av til naust i reguleringsplan eller kommuneplan er byggegrense 0 m.

Heimel: PLBL § 1-8, 3. ledd og § 11-9 nr. 5.

7.1.5 Skilt- og reklameinnretningar

Skilt og reklameinnretningar kan berre setjast opp etter løyve frå Luster Kommune. Løyve kan berre gjevast mellombels eller for eit nærare avgrensa tidsrom. I bustadområde er reklameinnretningar ikkje tillate.

Elles skal PLBL § 30-3 gjelda.

Heimel: PLBL § 11-9 nr. 5.

7.1.6 Mellombels og flyttbare konstruksjonar og anlegg

Plassar for oppstilling av bubilar og campingvogner med tilknytte fortelt og liknande, kan berre etablerast og opparbeidast etter godkjend reguleringsplan.

Heimel: §11-9 nr. 6.

7.1.7 Universell utforming

Prinsippa om universell utforming skal leggjast til grunn for planlegging og opparbeiding av bygningar og anlegg for å sikra tilgjenge til bygningar og uterom for alle. Der det er råd, skal gang- og sykkelveggar ha universell utforming. Alle kollektivhaldeplassar skal ha universell utforming.

Viktige utandørs gangsamband skal vera trinnfrie med største stigning 1:12, så langt terrenget gjer det mogeleg.

Heimel: §§1-1 og 11-9 nr. 5.

7.1.8 Gjeldande reguleringsplanar

Reguleringsplanar er viste som omsynssone H 910 på plankartet. Sjå føresegn 7.7.4 Omsynssone

Heimel: PLBL §11-8, f sjekk

7.1.9 Byggegrenser langs høgspenlinjer

Sosi-kode 1167 (linjesymbol)

Avstandar under er målt horisontalt ut frå straumførande linje.

Spenningsnivå	22Kv	66Kv	300 Kv
Minste byggeavstand	6.0m	6,2m	8,3
Krav om ROS-vurdering* for bygningar for varig opphald nærare enn:	18m	25m	70m

*(jf. Statens strålevern: « Bolig nær høyspentanlegg»)

Heimel: PLBL § 11-9 nr.5

7.1.10 Avkøyrslar og byggegrenser langs riks- og fylkesveggar

Den til ei kvar tid gjeldande rammeplan for avkøyrslar og byggegrenser på riks- og fylkesveggar i Region Vest skal leggjast til grunn for handsaming av avkøyrslar- og byggegrensesaker

Heimel PLBL §11-10 nr 4

7.2 Bygningar og anlegg jf. PLBL § 11-7 nr. 1 og nr 5

Føremålet omfattar bustader, fritidsbustader og naust, offentleg og privat service, forretningar, kontor- og næringsbygg, idrettsanlegg, anlegg for råstoffutvinning og andre bygningar og anlegg.

Generelle vilkår:

Fareområder

Som føresetnad for bygging må det gjennom fagrapport dokumenterast, at tiltaket stettar sikringskrava i gjeldande byggeteknisk forskrift

VVA

Det må sikrast tilgang til drikke- og sløkkjevatt, godkjent avløpsløyving og sikra lovleg tilkomst til veg som er opne for alminneleg ferdsel jfr plbl §§27-1, 27-2 og 27-4.

7.2.1 Bygningar og anlegg

Sosi-kode 1001.

Reguleringskrav i eksisterande byggeområde (fortetting)

I delvis utbygde område avsette til bygningar og anlegg etter PLBL §11-7 nr. 1, kan det gjevast løyve til nye byggetiltak utan regulering, dersom nye bygg kan nytta seg av eksisterande infrastruktur og transportsystem. I utbygde bustadområde er omfanget av tiltaket er avgrensa til maks 2 bustader.

Maksimalt tillate bygd areal er 200 m², rekna som BRA.

Det er eit vilkår at nye bygg blir innpassa i eksisterande struktur, og underordnar seg eksisterande bygg når det gjeld høgde, volum og grad av utnytting. Tiltaket skal knyte seg til eksisterande tekniske anlegg.

Heimel: PLBL § 11-10. nr 1.

Fritak for reguleringskrav for mindre tiltak

På bebygd eigedom på areal sett av til bygningar og anlegg (§11-7 nr.1) kan det gjevast løyve til mindre tiltak etter PLBL § 20-2a utan reguleringsplan. Dette gjeld tilbygg, påbygg, frittstående uthus/garasje, andre mindre anlegg som høyrer til bustaden/tunet/anlegget.

Heimel: PLBL § 11-10 nr. 1

7.2.2 Bustader

Sosi-kode 1110

Føremålet omfattar byggjeområde for bustader med tilhøyrande tekniske anlegg, garasje, uthus, vegar, parkeringsplass og anna fellesareal, jf. PLBL § 11-7, nr. 1.

Utnyttingsgrad i nye bustadområde.

ID i plan	Bustadområde	Daa	Hus/bueiningar
B6	Sørsida, Ornes, Bakkane (omregulering)	36	20

Heimel: PLBL § 11-9, nr. 5.

Leikeareal i bustadområde.

Leikeareal skal vere store nok og eigna for leik og opphald heile året, og sikra mot støy, ureining, trafikkfare og annan helsefare. Leikeplassar skal vere sentralt plassert i bustadområdet, med trygg tilkomstveg.

Det skal setjast av minimum 50 m² til leikeareal pr. bueining i område for frittliggjande bustader. I områder for konsentrert busetnad skal det setjast av minimum 25 m².

Leikeområde / friområde skal opparbeidast samstundes med anna infrastruktur i området.

Heimel: PLBL § 11-9 nr. 5

Krav til biloppstillingsplassar.

Reguleringsplanar for bustadområde skal innehalde krav til tal biloppstillingsplassar pr. bueining. I uregulerte område er det krav om 2 biloppstillingsplassar pr. bueining, bilar må kunne snu på eigen grunn. Felles biloppstilling skal opparbeidast samstundes med anna infrastruktur i området.

Heimel: PLBL § 11-9 nr. 5 og nr 4.

Småbåthamn - biloppstilling

Det skal opparbeidast minimum 0,3 P-plass pr. båt plass på land der det vert etablert småbåthamn.

Heimel: PLBL § 11-9 nr

Generelle føresegner for naust.

Naust er bygningar for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap.

Det er ikkje høve til å omdisponera eller nytta naust som fritidshus eller bustad.

Når ikkje anna er fastsett i reguleringsplan eller kommuneplan gjeld fylgjande føresegner for naust:

- Naust skal ha største bebygd areal 50 m² og saltak med takvinkel mellom 28 og 45 grader.
- Altan, utkraging, takoppløft eller ark er ikkje tillate.
- Ytterflater skal ikkje ha reflekterande kledning.
- Topp møne skal vere maksimum 5 meter frå lågaste golvnivå eller frå normalt høgvatn.
- Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 5 % av hovudplanet sitt bruksareal.
- Det er ikkje tillate med gjerde/levegg eller andre stengsler ved naust.
- Det skal opparbeidast minimum 0,3 P-plass pr. naust der det kan oppførast naust og der naustet ikkje ligg i gangavstand frå bustadhus/hytte som nyttar naustet. Minste tal P-plassar er 1.

Heimel: PLBL § 11-10 nr. 2

7.2.3 Offentleg eller privat tenesteyting

Sosi-kode 1160

Føremålet omfattar skule, barnehage, Bygg for helse og omsorg, kyrkjer og organisasjonseigde forsamlingslokale .

Område for offentlege bygg/føremål er merka med «O» på plankartet.

Heimel: §11-10 nr. 3

Minste byggeavstand

60 Meter til freda og listeførde kyrkjer er vist på plankartet med byggegrense/omsynssone

7.2.4 Fritids- og turistføremål

Sosi-kode 1170

Føremålet omfattar hotell/pensjonat, utleiehytter, campingplassar, turisthytter.

Campingplassar.

Oppføring av bygningar og anlegg medrekna spikartelt og liknande er søknadspliktig, jf. også reglane i § 1.6. Campingplassar skal ha godkjend reguleringsplan.

7.2.5 Næringsområde

Sosi-kode 1300

Føremålet gjeld område for etablering av næringsverksemd med tilhøyrande teknisk anlegg, vegar, parkering og anna fellesareal, jf. PLBL § 11-7 nr.1

Det skal etablerast buffersoner med vegetasjon mellom næringsområde og nærliggjande område for bustader og/eller offentlege føremål. Der buffersoner ikkje er avsette som eigne areal i reguleringsplan, skal dei etablerast på areal avsett til næringsareal. PLBL § 11-9 nr. 6

7.3 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur - PLBL § 11-7 nr.2

Føremålet omfattar offentlege vegar og offentleg parkeringsareal, hamner og tekniske anlegg.

Framtidige vegar i plankartet

Framtidige vegar er viste på plankartet med linjesymbol og ID . Vist trasé rettleiande. Endeleg trase skal vera avklara i overordna kommunedelplan eller reguleringsplan.

Heimel PLBL §11-9 nr. 8

Handsaming av overflatevatn

Statens vegvesen sine gjeldande normer for Vegbygging – vert lagt til grunn for berekning knytt til hydrologi

Heimel PLBL 11-9 nr 8

7.4 Landbruks- natur- og friluftsområde. (§ 11-7 nr. 5)

Sosi-kode 5100

7.4.1 Føremålet gjeld landbruks- natur og friluftsområde

med nødvendige tiltak for landbruk og gardsbasert næringsverksemd basert på garden sine ressursar, jf. PLBL § 11-7 nr. 5 bokstav a

7.4.2 Byggegrense i strandsona for tiltak i landbruket

Naudsynte bygningar og anlegg knytt til landbruksverksemd kan oppførast i 100-metersbeltet langs sjøen dersom bygning vert plassert i tilknytning til eksisterande tun/gardsanlegg. Unntak frå plassering i tilknytning til eksisterande tun/gardsanlegg kan gjerast for tiltak som er knytt til bruk av sjøen.

Heimel: PLBL § 11-11 nr. 4

Bygningar i stølsområde.

- Oppføring av stølshus kan berre tillatast på/i tilknytning til etablerte stølar og i samband med landbruksnæring.
- Bygningar skal i form, materialbruk og fargebruk vera i samsvar med lokal byggeskikk i stølsområde.
- Største byggegrunnflate for einskildbygg skal vera 50 m², og største gavlbreidde 5 m.
- Evt. produksjonsbygg kan vera større.
- Bygningar skal ha saltak med fall 25-40 grader, og tekking av ikkje-reflekterande materiale.
- Gesimshøgde skal ikkje vera over 3 m over terreng, og mønehøgde skal ikkje vera over 5m over terreng.
- For bygningar på eksisterande grunnmur kan større høgder godkjennast.
- Ytterkledning skal i hovudsak vera liggjande panel av tre.
- Oppsetting av gjerde er ikkje tillate ut over naudsynt skjerming av inngangsparti for husdyr, og etablerte stølsgardar .

Heimel: PLBL § 11-11 pkt.1(jf. 11-7 nr 5 og 6)

7.4.3 Ytre Eikum, LNF-spreidd utbygging fritidsbustader

1. Dokumentasjon frå geolog med sikkerheitskrava i gjeldande byggt teknisk forskrift.
2. Det vert sett av ei 50 meter brei sone langs fjorden for ålmenne interesser
3. Det kan byggjast ei felles brygge for hytter og dagsturhytte i området.
4. Bygningane skal i form, materialbruk og fargebruk ver i samsvar med lokal byggeskikk
5. Største byggegrunnflate for einskildbygg skal vera maks 50m² og største gavlbreidde 5 meter
6. Bygningar skal ha saltak med fall 25 -40 grader, og tekking med ikkje reflekterande materiale
7. Gesimshøgde skal ikkje vera over 3 meter over terreng, og mønehøgde skal ikkje vera over 5 meter over terreng
8. Ytterkledning skal i hovudsak vera liggjande panel av tre
9. Oppsetjing av gjerde er ikkje tillate
10. Heimel: PLBL §11-11 pkt 2 jfr PLBL §11-7, nr 5 pkt b

7.4.4 LNF – areal for spreidd bustadbygging

Stad/område	Daa	Makstal hytter
Resaland, Mollandsmarki	47	(krav om reguleringsplan)
Vetle-Baten, Mollandsmarki	35	(krav om reguleringsplan)

7.4.5 LNF – areal for spreidd hyttebygging

I fylgjande område kan det tillatast eit avgrensa tal hytter:

Stad/område	Daa	Makstal hytter
Nye område KPA 2019:		
Myrteigen, Ytre Eikum	5	3

Heimel: PLBL §11-7 nr 5b, §11-11 nr 2

7.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsoner (§ 11-7 nr. 6)

7.5.1 Småbåthamn

Sosi-kode 6230

Gjeld område avsette til småbåthamn med tilhøyrande kaiar, flytebrygger, naust og servicebygg, og naudsynt manøverareal. For småbåthamner gjeld krav til reguleringsplan.

Heimel: PLBL § 11-9 nr. 1

Solvorn

7.5.2 Ferdsl og farleier

Sosi-kode 6100 og 6200.

Gjeld etablerte skipsleier i sjø og ankringsplassar. Tiltak og aktivitet på områda som kan vera til hinder for ferdsle er ikkje tillate. Planlagde tiltak i nærleiken av skipsleier skal leggjast fram for Kystverket før løyve vert gjeve.

Heimel: PLBL § 11-11 nr. 6

7.5.3 Navigasjonsinstallasjonar (Ny)

Sosikode 2045

Gjeld navigasjonsanlegg.

Innafor 100-metersbeltet langs sjøen kan Kystverket jfr PLBL § 1-8 4. ledd etablera, vedlikehalda og fjerna anlegg til bruk av navigasjonsinstallasjonar som skal tena ferdsel til sjøs (navigasjonsanlegg). Tiltaket skal meldast til Luster kommune.

Heimel: PLBL § 11-11 nr. 4

7.5.4 Friluftsområde i sjø

Sosi-kode 6700

Gjeld område for friluftsliv i strandsona: Bading, fritidsfiske, utfart og liknande. Naturvenleg tilrettelegging for allmenne friluftsinteresser er tillate. Tiltak som kan redusera verdien av området for friluftsliv er ikkje tillate.

Heimel: PLBL § 11-11 nr. 3 og 6

7.5.5 Fiske /lås plassar

Sosi-kode 6300

Gjeld etablerte låsplassar for brisling. I områda har tradisjonelt fiske førerrett framfor andre aktivitetar. Område: Solvorn, Pylseviki (Nes), Nes, Kroken, Børtnes,

Heimel: PLBL § 11-11 nr. 7

7.6 Omsynssone skred- og flaumfare

Omsynssonene er vist i temakart med kode H310 og H320:

- H310 Fareområde Skred i bratt terreng
- H310 Aktsemdsområde for Snøskred og steinsprang
- H310 Aktsemdsområde for Jord- og flaumskred
- H320 Fareområde for flaum

- H320 Havnivåstigning/stormflo – år 2090/200 års stormflo

7.6.1 Fareområde for skred H310

Omsynssona viser område der reell fare for skred er kartlagt i samsvar med tryggleikskrava i *gjeldande byggteknisk forskrift*

7.6.2 Aktsemdsområde for skred H310

Omsynssonene viser område med potensiell fare for skred og krev vurdering av reell skredfare ved regulering eller tiltak etter plbl § 20.

7.6.3 Fareområde flaum H320

Omsynssona viser område som er kartlagt for flaumfare.

Tryggleik mot flaum skal stette krava i *gjeldande byggteknisk forskrift*

For flaumfarekart utan klimapåslag skal det takast omsyn til forventa auke i flaumnivå

Sikring mot flom og stormflo jfr gjeldande byggteknisk forskrift

1. Byggverk der konsekvensen av ein flaum er særleg stor, skal ikkje plasserast i flaumutsett område.
2. For byggverk i flaumsett område skal det fastsetjast sikringsklasse for flaum etter tabellen under. Byggverk skal plasserast, dimensjonerast, eller sikrast mot flaum slik at største nominelle årlege sannsyn i tabellen ikkje vert overskriden. Dersom det er fare for liv, vert sikringsklasse fastsett som for skred, jf. § 7-3

Sikringsklasse for flaum	Konsekvens	Største nominelle årlege sannsyn
F1	Liten	1/20
F2	Middels	1/200
F3	Stor	1/1000

Tabell: Sikringsklassar for byggverk i flaumutsett område

3. Fyrste og andre ledd gjeld tilsvarande for stormflo
4. Byggverk skal plasserast eller sikrast slik at det ikkje oppstår skade ved erosjon
5. Sikringsklasse F1 omfattar også fylgjande tiltak der tiltaket ikkje fører til redusert personsikring og ikkje omfattar etablering av ny brukseining:
 - a. Eitt tilbygg eller eitt påbygg inntil 50m² BRA i byggverket si levetid
 - b. Bruksendring og ombygging inntil 50m² BRA

Bestemmelsen omfattar ikkje tiltak som fører til etablering av verksemd som inngår i §7-2 fyrste ledd.

(Heimel PLBL § 11-8 a)

7.7 Omsynssoner PLBL § 11-8 a, c og f

Omsynssoner kjem i tillegg til planføremålet, og fastset gjennom føresegn eller retningsliner kva for særlege omsyn som skal gjelda for tiltak i området.

- I denne planen er soner under PLBL§11-8 a, c, d og f tekne i bruk. S(sjå kap 11.6)
- Til soner under PLBL§11-8 a, d og f er det gjeve juridisk bindande føresegner.
- Til viste soner under PLBL§11-8 c) er det gjeve retningsliner. (kap 13.1)

7.7.1 Omsynssone: sikring-, støy- og faresoner (§11-8a)

Sikringssone for drikkevavn. H110

I område nedslagsfelt for drikkevatt kan det ikkje setjast i verk tiltak etter PLBL §1-6 utan godkjend reguleringsplan. Unntak er opprusting og utbygging med inntil 15 m² BRA av eks. fritidshus. Fritidshus skal ikkje ha innlagt vatn eller avløpsanlegg til terreng eller vassdrag.

Heimel PLBL § 11-8 a)

For nybygg med kjellar på område som ligg inntil og mindre enn 2,5 m høgare enn flaumsona, må det liggja føre dokumentasjon for at kjellar er /vert sikra mot inntrenging av vatn, før løyve kan gjevast.

Faresone støy H290

Gjeld t.d. massetak, skytebane, helikopterlandingsplass, motorsportbane, fylkesveg. Det skal utarbeidast støysonekart for alle områda. Støysone vist i kart er for det meste illustrasjonar.

Faresone brann H350_1

Solvorn Brannsmittområde: Søknad om tiltak i området skal leggast fram for brannvesenet til uttale.

Heimel PLBL § 11-8 a)

Faresone – Fare eksplosjon H350_2

Det er ikkje tillate å gjennomføra tiltak i faresona.

Heimel PLBL § 11-8 a)

7.7.2 Omsynssone med særlege omsyn (§11-8c)

Sosi-kode 1121 – bandlegging

Omfattar område som skal bandleggast etter PLBL eller som er bandlagd etter anna lovverk

Naturmangfaldslova. H720

Gjeld område i Luster kommune som er verna etter Naturmangfaldslova:

H720_1	Luster Allmenning naturreservat.
H720_9	Loi naturreservat
H720_x	Buggastrondi Naturreservat

Tiltak i områda skal ikkje vera i strid med gjeldande forskrifter for verneområda (www.lovdatab.no)

Heimel PLBL §11-8 d

Omsynssone – område bandlagde etter Kulturminnelova. H730 (§ 11-8d)

Gjeld område som er freda etter Kulturminnelova:

Freda og listeførde kyrkjer og mellomalder kyrkjegardar

	Lokalitet	Askeladden – RA	Status kulturminnelova / kyrkjelova	Reguleringsplan
H730_1	Urnes stavkyrkje med kyrkjegard	Id-85729	Automatisk freda	Regulert spesialomr.
H730_9	Nes kyrkje, Nes	Id-85525	Listeført	
H730_13	Solvorn kyrkje, Solvorn	Id-85525	Listerført	Regulert
H730_14	Solvorn gravplass	Id-84129	Automatisk freda	

Vedtaksfreda bygg og anlegg

H730_17	Christianslyst sorenskrivargard, Solvorn	Id-86672-1,2,3,4,5,6,7 og 8	Vedtaksfreda	Regulert spesialområde
---------	--	-----------------------------	--------------	------------------------

Mellomalderkyrkjestadane Nes og Solvorn:

Den mellomalderske kyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging. Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verka inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.

Urnes stavkyrkje er ei automatisk freda kyrkje. Bygging nærare kyrkja enn 60 meter er ikkje tillate etter kyrkelova§ 21 femte ledd, utan løyve frå biskopen. Saker som gjeld Urnes stavkyrkje eller omgjevnadene skal handsamast av Riksantikvaren som fattar vedtak etter kulturminnelova. Ved all planlegging av tiltak i omgjevnadane til kyrkja skal ein ta omsyn til plasseringa til kyrkja og verknaden i landskapet.

Tiltak i områda skal ikkje vera i strid med gjeldande forskrifter for dei freda områda (www.lovdatab.no)
Heimel PLBL §11-8 d

7.7.3 Omsynssone - bandlegging etter PLBL eller anna lovverk (§ 11-8d)

Bandlegging jfr energilova H740_2

Gjeld eksisterande og vedtekne større høgspenningsanlegg og transformatorstasjonar som er handsama etter energilova. Områda med omsynssone er avsett i plankartet.

Heimel PLBL §11-8d

7.7.4 Sone for vidareføring av reguleringsplan (§11-8f)

Sone der gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelde. H910

Alle vedtekne reguleringsplanar innafor planområdet skal gjelda framføre Kommunedelplan for buffersona.

I desse områda skal vedteken reguleringsplan gjelda framfor kommuneplanen.

Andre nasjonale og regionale interesser:

For planar som er 10 år eller eldre og som ikkje er realiserte, er planane vurderte ut frå nasjonale og regionale interesser. Dette gjeld bl.a. ureina grunn, støy, naturmangfald, vassmiljø, kulturminne og kulturmiljø, kulturhistoriske verdiar og naturmangfaldverdiar knytt til landskap, friluftsliv, strandsone langs sjø og vassdrag, verna vassdrag og storulykkebedrifter. Det er nytta ulike kunnskapsgrunnlag som gjeld dei tema som er aktuelle. Mange av desse finn ein i fylkesatlas. NVE sine karttenester og «Se havnivå» er også nytta..

DEL III RETNINGSLINJER

Retningslinjene er ikkje juridisk bindande, men er kommunestyret sitt råd og føringar til administrasjon og politiske utval ved forvaltning og handsaming av einskildsaker og plansaker.

Omsynet til verdsarven må vektleggjast i handsaming av saker innafor buffersona.

I buffersona gjeld fylgjande retningslinjer innafor dei ulike sonene:

7.8 Omsynssoner – retningslinjer jf. PLBL § 11-8, c

Omsynssoner der det er gjeve retningslinjer om avgrensingar av verksemd og vilkår for å ta vare på interessa i sona.

7.9 Kulturminne og kulturmiljø. PLBL §11-9 nr.7. Kulturminnelova

Omsyn til kulturminne og kulturmiljø skal inngå i all planlegging og alle byggesaker.

Det skal hentast inn uttale frå kulturminneforvaltninga i fylgjande plan- og byggesaker:

- Automatisk freda og vedtaksfreda kulturminne, kulturmiljø og landskap
- område regulert til spesialområde kulturminnevern
- bygningar / anlegg som er avsett i Luster kommune sin kulturminneplan ståande bygningar frå før 1850

Oppfylging i plansaker:

- Nye tiltak innafør buffersona som skal konsekvensvurderast ved revisjon av KPA, skal også sjekkast ut mot ein forenkla «KUVA» (*Konsekvensutgreiingar for Verdas kulturarvområde*)

7.9.1 Omsynssone kulturminne og kulturmiljø. H570

Omfattar kulturminne og kulturmiljø som:

- Har bevaringsstatus/vernestatus gjennom reguleringsplan
- Bevaringsverdig kulturmiljø som ikkje er regulert eller med i kommuneplan frå 2008.
- Kulturminne / kulturmiljø som bør vurderast for freding jfr kulturminnelova §§ 15 og 19

Det bør ikkje tillatast tiltak som kan skada eller redusera kulturminneverdiane i områda.

Område med bevaringsstatus/vernestatus gjennom reguleringsplan:

Område regulert til spesialområde kulturminnevern	Dokument førande for forvaltning av områda
H570_01 Ornes, området rundt stavkyrkja og ved kaia	Reguleringsplan og forvaltningsplan
H570_02 Solvorn, strandsitjarmiljø	Reguleringsplan og forvaltningsplan

Lokalitetar som skal vurderast for freding eller regulering til spesialområde kulturminne:

Område som bør vurderast for freding jfr Kulturminnelova §§15, 19 og 20 i uprioritert rekkefylgje.

Lokalitet	Heimel jfr Kulturminnelova	Fredingstema:
H570_XX Muntehuset i Kroken	Freding av bygningar og anlegg m.v. frå nyare tid og område rundt freda kulturminne jfr §§15 og 19	Tema: «kunsten i nasjonsbygginga»
H570_02 Strandsitjarstaden Solvorn	Freding av kulturmiljø §20	Tema: Arbeidarklassen sine buformer og Historisk tettstadutvikling ved sjøkanten

Bevaringsverdig kulturminne og kulturmiljø jfr PLBL § 11-8 c (*Kulturminneplanen, pri 1*):

Husmannsplassar: H570_9 Stuaflåten , Mollandsmarki – pri 2	Kulturlandskap: H570_21 Munthehuset med kulturlandskap, Kroken gard – pri 1
Stølar H570_XX Nystølen, Ornes – pri 1	Gamle ferdelsesveggar / stølsveggar / drifteveggar H570_52 Gamleveggen Galden – Solvorn

H570_xx Kveken, Kinsedalen – pri 1	H570_xx Ornes – Nystølen – pri 1
Skulestover H570_xx Skulehuset på Ornes – pri 1	Militære anlegg H570_xx Kinsedalen – Anorthositt-anlegg

Omsynssoner – retningslinjer

Kulturminne som har prioritet i handlingsdelen skal få fastsett ei omsynssone i Kommuneplanen sin arealdel. Dette for å sikra at kulturminnet vert teke omsyn til ved byggetiltak og prioritert i tilskotssaker. Freda kulturminne som manglar omsynssone skal også sikrast ved ei omsynssone.

Kulturminne som har verneverdi 1 i planen vert kartfesta i kommuneplanen sin arealdel og omsynssoner vert fastsett i den planen.

Retningslinjer for kulturminne med omsynssone:

1. Bygningar og andre kulturminne som ligg innanfor ei «omsynssone kulturminnevern» skal prioriterast med omsyn til kommunale støtteordningar og kommunen si tilråding overfor Kulturminnefondet og andre offentlege / private støtteordningar innan kulturminnevern.
2. Tiltak som kan ha negativ innverknad på kulturminne med omsynssone skal vurderast særskilt i kommunen si sakshandsaming og det skal hentast inn uttale frå regional kulturminnemyndigheit
3. I alle bygningar eldre enn 1900 bør originale vindaug takast vare på, med mindre regional kulturminnemyndigheit eller antikvarisk sakkyndig, etter avtale med regional kulturminnemyndigheit, vurderer ei restaurering som er umoglege å gjennomføra
4. I bygningar eldre enn 1930 bør original kledning og andre fasadematerialar takast vare på, med mindre regional kulturminneforvaltning eller antikvarisk sakkyndig, etter avtale med regional kulturminneforvaltning, vurderer ei restaurering som er umogeleg å gjennomføra.
5. Bygningar som kommunen vurderer som verneverdige skal takast vare på og vert ikkje gjeve løyve til riving, unnateke ved totalskade. For bygningar som i seg sjølv, eller som del av eit miljø, har historisk, arkitektonisk eller anna kulturell verdi, kan kommunen krevja at det vert teke omsyn til desse verdiane ved endring eller oppussing av fasade. Med sikte på bevaring og/eller gjenoppretting av huset sin karakter kan kommunen krevja at huset si takform, fasadar, vindaug, dører, materialbruk og fargar vert oppretthalde eller tilbakeført. Kommunen kan evt krevja at det vert utarbeidd ein plan som viser korleis dette kan gjerast.
6. Bygningar kan få på-/tilbygg dersom dette ikkje reduserer bygningen sin verneverdi. Evt tilbygg må underordna seg den eksisterande bygningen med omsyn til plassering, utforming, storleik, material og fargebruk.

Ferdselsveggar:

Ferdsel har vore ein føresetnad for all busetnad og verksemd frå tidlegaste tider og fram til i dag. Det er spor etter mange former for ferdsel av di ein alltid har trengt å flytta på seg. Ferdsel har også vore ein viktig føresetnad for forsvar, handel, post og kollektiv ferdsel.

Det er få fredingar knytt til eldre ferdselsruter og det har vore lite fokus på dette i kulturminnevernet. Difor er dette teke med som eit prioritert tema i Riksantikvaren sin fredingsstrategi. Kan omfatta kulturminne som postveg, pilegrimsveg, slep, handelsruter m.m.

7.9.2 Sone med særlege omsyn for å ta vare på kulturmiljø med spesiell interesse og bevaring av landskap (11-8c) H570

Generelle retningslinjer:

- Styrka fast busetjing i planområdet. Det bør innførast nullgrenseforskrift for heile sørsida (Kinsedal – Lindeneset)

- Styrka beitebruk i heile planområdet
- Oppretthalda stølar, stølsvegar, driftevegar og andre ferdssvegar langs fjorden, i liene og i fjellet i heile planområdet
- Oppretthalda veglause husmannsplassar / småbruk langs fjorden:
 - Stuaflåten, Mollandsmarki
 - Kvalen
 - Skophamar
 - Ytre Eikjo / Eikjastrondi

Omsynssone verdsarv – Nærsona 1

Nærområdet til Urnes stavkyrkje – dvs heile neset og det historiske nære gardsområdet med strandlinje. Sosi-kode H570

Nr	Delområde
1	Ornes. Busetnad og landbruk, næring og kommunikasjon

Retningslinjer

Fylgjande plandokument skal vera retningsgjevande for forvaltninga av området:

Fylgjande plandokument er utarbeidd og føreligg for planområdet:

- Forvaltningsplan for Ornes
- Besøksforvaltningsplan for Urnes stavkyrkje
- Skjøtselplan Ornes – del I og del II

Ved revidering av reguleringsplan Ornes skal m.a. fylgjande avklarast:

- Vurdera løysingar for ulike trafikkgrupper, m.a. parkering- og trafikkløysingar i tunområdet på Ornes og ved kaiområdet
- Ei framtidretta kailøysing
- Vurdera byggehøgder, volum på bygningar etc

Heimel PLBL §11-8d

Omsynssone verdsarv - Nærsona 2

Sone med særleg omsyn til busetnad, bygningsvern, kulturlandskap og landskapsformer

Omfattar delområde:

Nr	Delområde
2	Kvanngjelane - Tausasva – Persgjel – fjell og fjordlier
3	Kroken – Loi. Busetnad – landbruk
4	Kinsedal. Busetnad – landbruk
5	Solvorn. Busetnad – landbruk
6	Mollandsmarki: Busetnad og landbruk
7	Fjorden 1

Sosi-kode H570

Retningslinjer

Solvorn.

Fylgjande planar skal vera retningsgjevande for gjennomføring av tiltak i Solvorn:

- Forvaltningsplan for Solvorn (2013)
- Brannteknisk tiltaksplan, Solvorn (2010)

Det bør ikkje gjevast løyve til å etablera installasjonar på fjorden som skal nyttast til oppdrett av fisk og andre sjødyr.

- I. område avsett som omsynssone kulturmiljø skal den kulturhistorisk verdifulle busetnaden og områda sine særprega miljø, skal det leggast vekt på å ta vare på landskapsverdiane.
- II. Nybygg og tilbygg kan godkjennast under føresetnad av at dei kulturhistoriske verdiane i området ikkje vert øydelagde. v at området kulturhistoriske verdier ikke forringes. Nybygg og tilbygg skal underordnes eksisterende bebyggelse. Plassering og utforming mht. størrelse, form, materialer, detaljering, farger med videre skal harmonere med eksisterende struktur og bebyggelse i området.
- III. Ved nye tiltak innafor omsynssona kan kommunen krevja at kulturmiljø/landskap vert dokumentert, og at det vert gjort greie for korleis desse verdiane skal takast vare på.

Ved eventuell revidering av reguleringsplan Solvorn skal m.a. fylgjande vektleggjast / avklarast:

- Framtidsretta trafikkløysingar i sentrum

Heimel PLBL §11-8d

Omsynssone – verdsarv – Fjersone

Busetnad og gardsområde som er synleg frå verdsarven Urnes stavkyrkje

Nr	Delområde
8	Fjordliene Kinsedal – Kvarven
9	Fjellområde Krokadalen – Tisedalshøgdi –Marheimsholten
10	Fjell og fjordlier Haugmelen – Molden
11	Nes
12	Fjorden 2

Sosi-kode H570

Alle tiltak som er godt synlege frå Ornes – skal plasserast slik at dei tek vare på heilskapen i natur og kulturlandskapet.

I områda bør det ikkje gjevast løyve til tiltak som bryt landskapssilhuettar, horisontlinjer, åsprofilar eller som sterkt bryt vassflatene i fjorden.

Det bør ikkje gjevast løyve til å etablera installasjonar på fjorden som skal nyttast til oppdrett av fisk og andre sjødyr.

Heimel PLBL §11-8d

7.10 Omsynssone villrein H520

Føremålet er å hindra at leveområde og levekår for villreinstammene i Luster vert forringa.

a. Omsynssona er samanfallande med framlegg til «Regional plan Ottadalsområdet» og omfattar desse arealkategoriane:

- Sone A1 – Nasjonalt villreinområde
- Sone E – Utvekslingsområde villrein
- Viktige trekkområde

Retningsliner i regional plan gjeld for området.

<https://static1.squarespace.com/static/530364efe4b0c37a4004ec79/t/57443dd12b8dde05e8959ed0/1464090084385/Planrapport+Ottadalsomr%C3%A5det.pdf>

- b. Omsynssona omfattar leveområde for villreinstamme i vest-Jotunheimen. Desse retningslinjene gjeld for dette området:
- Tiltak bør vera heimla i reguleringsplan
 - Alle søknader om dispensasjon skal sendast Villreinnemnda og Villreinutvalet til uttale før avgjerd.
 - Mindre tiltak, medrekna inntil 15 m² BRA utviding på eks. hytter kan godkjennast utan reguleringsplan
 - Motorferdsel i utmark bør avgrensast med ein restriktiv praksis for tildeling av løyve
 - Løyve bør organiserast som leigekøyring i faste trasear
 - Organisert ferdsel og guida turar bør leggast utanom viktige funksjonsområde for reinen

7.11 Omsynssone friluftsliv H530

Omsyn til friluftsliv skal sterkt vektleggast ved handsaming av eventuelle tiltak/aktivitet i dei merka områda.

Dette er område med særlege friluftsliv- og naturkvalitetar og er viste på planen som omsynssone, for å skjerna området for tiltak som kan øydeleggja for opplevingsverdiane og biologisk mangfald i områda. Luster kommune har i gjennomført registreringar for heile kommunen som gjeld viktige område for friluftsliv. Desse er gradert frå A til D ut i frå kor viktige dei er. Alle område med høgast verdi, A-klassifiserte område er vist i planen som omsynssone friluftsliv.

Nokre område er viktige turistattraksjonar som er spesielt mykje nytta av tilreisande, og definert som A-område.

7.12 Vassmiljø

Vassførekomst (elvar, bekkar, innsjøar, kystvatn) skal nå miljømåla som er satt i den regionale vassforvaltninga.

Ny arealbruk skal ikkje gjera tilstanden av vassførekomst (elvar, bekkar, innsjøar, kystvatn) verre. Der det er mogeleg skal nye bygg og ny arealbruk bidra til at miljømål vert nådd.

7.13 Retningslinjer for handsaming av dispensasjonssøknader i LNF-område

Vilkår for dispensasjon følgjer av PLBL §19-2. Innanfor rammene av PLBL§19-2, skal fylgjande retningslinjer gjelde for sakshandsaming av dispensasjonssøknader

Generelt

"Kjerneområde landbruk" er dei areala i kommunen som er viktige for to av landbruket sine sentrale samfunnsoppgåver:

- Matproduksjon
- Jordbruket sitt kulturlandskap

Retningslinjene under skal spesielt gjeld i desse områda.

Nyetaablering i LNF-område, bør ikkje skje i strid med viktige særlover og særinteresser som landbruk, friluftsliv, biologisk mangfald, kulturminne eller vassforsyning. Det bør ikkje fradelast / byggjast på:

- dyrka /overflatedyrka mark,
- samanhengande innmarksbeite
- ikkje nærare driftsbygning (i tradisjonell drift) enn 100 meter

Det bør heller ikkje frådelast/byggjast slik at det skaper auka trafikk gjennom gardstun.

Tomter til spreidd bustadbygging kan være inntil 1 dekar. Noko større bustadtomter kan likevel vere verkemiddel for å stimulere til busetjing i bygdene, og i område der folketalet går attende. Hyttetomter bør normalt avgrensast til om lag 0,5 daa.

Bustader og hytter skal vera tilpassa landskapet, fylgja god byggeskikk og tilpassast byggeskikken til nærliggjande bygningar. Frådeling av tomter må ikkje føra til vesentlege driftsmessige eller miljømessige ulemper for jordbruksdrifta.

Dispensasjon for frådeling av tomter til spreidd bustadbygging og bygging til mindre næringsføremål bør prioriterast i dei fire områda Sørsida, Fortun, Jostedalen og Veitastrond. I bygder med område regulert for bustadbygging bør det som hovudregel ikkje opnast for spreidd utbygging.

Vilkår for dispensasjon.

- a. Tiltaket omfattar inntil 2 bueiningar eller 1 hytte
- b. Tiltaket, inkludert vegtilkomst, skal ikkje medføre vesentleg tap av dyrka jord
- c. Tomt, bygningar og tilkomstveg skal plasserast og utformast slik at det ikkje fører til vesentlege ulemper for landbruksdrift eller annan næring
- d. Det må dokumenterast godkjent og forsvarleg løysing for vassforsyning og avløp
- e. Tomter skal ikkje frådelast nærare enn 30 meter frå vassdrag
- f. Det skal ikkje gjevast løyve til tiltak som kjem i konflikt med verdifulle kulturminne eller forstyrrar heilskapen i verdifulle kulturlandskap
- g. Ved frådeling skal alternativ plassering av tomt vurderast
- h. At vilkåra i PLBL §19-2 for å gje dispensasjon er oppfylte
- i. Bustader bør lokaliserast nær eksisterande busetnad og offentleg veg.
- j. Avløp, vassforsyning, avkøyrsløp og tilkomstveg skal vera løyst i medhald av gjeldande regelverk
- k. Driftsbygningar i landbruket som er nytta til tilleggsnæring (t.d. utleigehytter), bør ikkje frådelast eigedomen.
- l. Det kan tillatast bruksendring av eksisterande driftsbygningar i LNF-område med føremål tilleggsnæringar i jordbruket.
- m. Fritidshusvære: Det bør ikkje gjevast løyve til bygging av fritidsbustader i stølsområde med opphavleg preg.
- n. Luft og støyureining: Etablering av spreidd næring må ikkje føra til skjemmande ureining som røyk, lukt og støy for bustader i nærområdet. Industribygg skal visast til eigne industriareal i kommunen.

Krav til dokumentasjon i søknad:

- a. Dokumentasjon på at området er trygt for skred/flaum
- b. Løysing for vassforsyning og avlaup som skal vera i medhald av gjeldande regelverk
- c. Detaljert utomhusplan utarbeidd av fagkunnige, som syner tomtedeling, plassering og hovudform på bygningen

Ålmenne interesser

Byggetiltaka må ikkje hindra fri ferdsel langs sjø og/eller vassdrag eller på stiar i utmark.

Dei generelle vilkåra for tiltak langs vatn og vassdrag skal også gjelda ved spreidd bustad og fritidsbygg, under dette også reglande om ein byggeavstand på min. 30 meter frå vatn og vassdrag. Dette gjeld ikkje der det er offentleg veg mellom bygning og strandlinja. Denne sona skal ivareta interesser knytt til:

- Flaumtryggleik

- Vegetasjonsbelte
- Friområde

8. Oppfylgjande planoppgåver

Med utgangspunkt i arealdelen skal desse planoppgåvene løysast i perioden fram til neste revisjon jf. årleg handsaming av planprogrammet:

Oppgåve	Oppfylging	Merknad
Reguleringsendring Bakkane	Reguleringsendring for delar av Bakkane med sikte på reguleringsføremål bustadbygging.	Oppstart når buffersoneplan er vedteke
Reguleringsplan Ornes	Revisjon av heile planen	Planen tilfredsstillar ikkje dagens krav til ein reguleringsplan når det gjeld føremål, føresegner og linjesymbol
Reguleringsplan Solvorn	Revisjon av heile planen	Planen tilfredsstillar ikkje dagens krav til ein reguleringsplan når det gjeld føremål, føresegner og linjesymbol. Føringar i Fagdokument – Buffersone for Verdsarven Urnes stavkyrkje skal leggjast til grunn i området «Høgsensitiv nærsone»
Forvaltningsplan verdsarvområdet Urnes stavkyrkje	Oppfylging av buffersoneplan	Fagplan i regi av Verdsarvrådet for Urnes stavkyrkje og tilhøyrande område
Utarbeida tiltaksplan for kulturlandskapet i buffersona	Avklara med departementa evt føresetnader for å koma med i forskrift Planen vert utarbeidd i samarbeid med	Tiltaksplan skal vera det overordna grunnlaget for kulturlandskapsarbeidet i buffersona
Utarbeida lokale bærekraftsmål for verdsarven og buffersona	Vert innarbeidd i KPS – kommuneplanen sin samfunnsdel	
Sjekkliste KUVA (Konsekvensutgreiingar for Verdas kulturarvområde)	Nye tiltak innanfor buffersona som skal konsekvensvurderast ved revisjon av KPA, skal også sjekkast ut mot ein forenkla «KUVA»	

Andre oppfylgjande oppgåver

Oppgåve	Oppfylging	Merknad
Forskriftsendring: Tilskot til jordbruk i verdsarvområda	Luster kommune skal arbeida for å endra forskrifta til også å omfatta buffersona til verdsarvområda	Gjeld: Forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyan og

Kommunedelplan for buffersona til Ornes verdsarvrområde

	Alternativt arbeida for at delar av buffersona vert eit «Utvalt Kulturlandskap i Landbruket» - UKL.	Vestnorsk fjordlandskap. FOR-2019-12-18-2024
Nullgrenseforskrift	Luster kommune greier ut og evt fremjar sak om nullgrenseforskrift for eit avgrensa område frå Kinsedal til Sørheim / Skjolden	<p><u>Forskrifta bør omfatta:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Konesjonslova § 4, 1.ledd nr. 2 og 4 vert sett ut av kraft • Konesjonslova § 5, 1.ledd nr. 1 vert sett ut av kraft <p><u>Ny forskrift vil gjelde:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Bebyggd eigedom som er eller har vore i bruk som heilårsbustad • Eigedom med bebyggelse som ikkje er teke i bruk som heilårsbustad, herunder bebyggelse under oppføring • Ubebyggd tomt som er regulert til bustadføremål
Sefrak – oppdatering	SEFRAK-registreringane for Ornes bør oppdaterast	Grunnlag for å tru at registreringane er mangelfulle. Med utgangspunkt i bygningshistoria på Ornes bør registreringane oppdaterast.

Oppfylging jfr KPS – kommuneplanen sin samfunnsdel:

Strategi	Oppfylging	Merknad
Solvorn og Skjolden skal styrkast som inngangsportal til verdsarvrområdet Ornes stavkyrkje	Luster kommune / verdsarvrådet	Nytta eksisterande bygningar / anlegg til informasjon om Verdsarven Ornes stavkyrkje
Samarbeide med verdsarvsenteret og næringsliv for å få på plass leigesykkelordning i tilknytning til Solvorn og Ornes for å auke attraktiviteten og betre trafikksituasjonen i Solvorn		
Støtta opp om utviklinga av verdsarven Ornes stavkyrkje og tilhøyrande område		

Berekraftig reiseliv basert på dei unike natur- og kulturverdiane i Luster

Hovudmål	Delmål	
Berekraftig reiseliv basert på dei unike natur- og kulturverdiane i Luster	<p>Samordna lokale reiselivsaktørar og utvikling i samsvar med den regionale satsinga</p> <p>Aktivt reiseliv heile året med hovudfokus på kortreiste besøkjande med lang oppholdstid</p>	

Kommunedelplan for buffersona til Urnes verdsarvområde

	<p>Godt tilrettelagt for friluftsliv i tilknytning til bre, fjell, dal, kulturlandskap og fjorden, både for lokale og besøkjande</p> <p>Status som verdsarv - og nasjonalparkkommune vert nytta til å formidla og vidareutvikla ein berekraftig verdiskapin</p>	
--	---	--